

# ARBEIDSGRUPPE - GEODATA

## Bærekraftig kommuneøkonomi i Vinje kommune

Tiltaksrapport



## 1 Mandat og rammer

Arbeidsgruppen har som oppdrag å gå igjennom organisering, gebyr og bemanning

## 2 Organisering og gjennomføring

|                        |                                 |                       |
|------------------------|---------------------------------|-----------------------|
| Gry Åsne Aksvik        | Kommunalsjef økonomi og samfunn | Arbeidsgruppeleder    |
| Solveig Ullebust Hagen | Ingeniør, oppmåling             | Arbeidsgruppedeltaker |
| Arne Midtgarden        | Ingeniør, oppmåling             | Arbeidsgruppedeltaker |
|                        |                                 |                       |

Arbeidsgruppen har:

- Starta gjennomgang av gebyr
- Registrering av timer innan alle områder

### 3.0 Utredning

Arbeidsgruppa har drøfta ulike tiltak. Dei er nærare omtala under.

#### Dagens situasjon

Gebyr:

Momentum bistår oss i berekning av gebyr etter sjølvkostprinsippet.

Organisering/Bemanning:

Pr i dag er det tre årsverk knytt til Geodata. Mykje av arbeidet er styrt av matrikkellova, men fagområdet har også andre oppgaver som er retta mot Tenestetorget, TDI, Næring, Plan og Byggesak. To av dei tilsette arbeidar som operative landmålarar, og ein har oppgaver på tvers av avdelingen. Dagens organisering fungerer bra, og ein får løyst oppgåvene på ein god måte.

Dei siste åra har me sett at fleir av dei oppgåvene me gjer, er knytt til orinær kommunaldrift og ikkje sjølvkost. Frå 2026 har ein difor flutt 25% av eit årsverk over til kommunal drift. Det kan vere aktuelt å flytte meir ettersom arbeidsoppgåvene endrar seg.

Det er ein prosesses på å sjå på interkommunalt samarbeid innanfor fagområdet i Vest-Telemark. Vinje ser positivt på eit slik samarbeid, da me ser at me blir veldig sårbare dersom ein eller fleire slutter eller får lenger fråver.

### 3.1 Beskrivelse tiltak

**Arbeidsgruppen har vurdert:**

Gebyr:

Gjennomgang av alle gebyr i arbeidsgruppa og i møte med Momentum. I samband med dette blir tidsbruk på ulike oppgaver registrert, slik at me får gjennomgang av ressursbruken pr sakstype. Sakshandsamarane dokumenterer kva de nytter tida til, slik at me sikrar at det blir nytta rett tid på ulike type sakar når me skal berekne gebyr for 2027.

Organisering/bemanning:

Ein må tilstrebe å ha rett bemanning i høve til type saker og saksmengde. Me har årleg gjennomgang i samband med budsjett og utrekning av gebyr. Ein ser samstundes på høve for samarbeid og utnytting av ressursane på tvers av fagområda innom samfunn. Me vil også syne til prosessen om interkommunalt samarbeid, som me meiner vil kunne gje ei meir robust organisering av fagområdet.

#### Arbeidsbil:

Det har vore vurdert å redusere antall arbeidsbilar frå to til ein, men pr. i dag ser me det naudsynt med to bilar. Tar ei ny vurdering når leasing perioden går ut. Betre planlegging av feltarbeid og samordning av oppdrag kan redusere køyrelengde, tidsbruk og kostnader knytt til transport.

### 3.2 Konsekvenser av tiltak

Tiltaket vil medføre:

- Rett gebyr på rett sakstype
- Interkommunalt samarbeid vil føre til meir robust organisering av fagområdet
- Fleksibiliteten/effektiviteten ved å ha to arbeidsbilar gjer at me ved dagens saksmengde klarar å halde lovsette tidsfristar

## 4. Gevinstrealisering

Rapporten om interkommunalt samarbeid peikar på at det ikkje ligg føre ein direkte økonomisk gevinst for Geodata i oppstarten. Samstundes blir det løfta fram fleire andre positive effektar av eit slikt samarbeid. På sikt kan det bidra til reduserte kostnader, mellom anna gjennom lågare programvarekostnader, felles innkjøp og betre utnyttinga v oppmålingsutstyr, samt meir effektiv bruk og rullering av tenestebilar.

Eit samarbeid kan òg gi auka fagmiljø og kompetansedeling, noko som kan styrke kvaliteten på tenesta. Det kan vidare bidra til betre kapasitet og mindre sårbarheit ved fråvær og ferieavvikling. På lengre sikt kan ein òg oppnå meir standardiserte arbeidsprosessar og meir effektiv ressursbruk, som igjen kan leggje grunnlag for framtidige økonomiske gevinstar.

## 5. Oppsummering av hele arbeidsgruppen

| Beskrivelse                                                                                | Risiko, konsekvenser og forsvarlighet                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                  |
|--------------------------------------------------------------------------------------------|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| <ul style="list-style-type: none"><li>• Gebyr</li><li>• Interkommunalt samarbeid</li></ul> | <ul style="list-style-type: none"><li>• Rett gebyr på rett sakstype</li></ul> Interkommunalt samarbeid kan føre til: <ul style="list-style-type: none"><li>• Meir robust organisering av fagområdet</li><li>• Sterkare fagmiljø og kompetansedeling, som igjen kan styrke kvaliteten på tenesta</li><li>• Mindre sårbare ved fråvær og ferieavvikling</li><li>• Standardiserte arbeidsprosessar og meir effektiv ressursbruk</li></ul> |

|                        |             |             |             |             |
|------------------------|-------------|-------------|-------------|-------------|
| <i>Beløp i 1000 kr</i> | <b>2027</b> | <b>2028</b> | <b>2029</b> | <b>2030</b> |
| <i>Tiltak</i>          | ?           | ?           | ?           | ?           |